



Marie Elisabeth Kaldestad: - Vurderar situasjonen frå dag til dag

**4 av dei som jobbar ved Uskedalen Oppvekstsenter kan vera i streik frå onsdag morgon. Det er ein assistent i skulen, ein assistent i barnehagen og 2 reinhaldarar.**

**Verksemdsleiar Marie Elisabeth Kaldestad opplyser til uskedalen.no at streiken ikkje kjem til å få konsekvensar onsdag, men kan føra til endringar på kort tid om han held fram**

- Vi kjem til å vurdera situasjonen frå dag til dag, seier ho.

Det er også ein viss fåre for at lærarane kan bli råka av streiken.

Om den varar lenge, må ein vurdera om vidare drift vil vera mogeleg og om reinhald og hygiene er forsvarleg eller om ein må stengja heilt,

I heile Kvinnherad er 226 som er i Fagforbundet tekne ut i streiken og av dei er 107 assistentar i skule og barnehage og 47 reinhaldarar. Det vil ikkje vara lengja før stengning må skje grunna manglande reinhald.

Også tekniske tenester og merkantilt personale i Rådhuset vert berørt.

Av Ola Matti Mathisen